

SAKSFRAMLEGG

Tysnes kommune

NY § 9 A I OPPLÆRINGSLOVA - EIT TRYGT OG GODT SKULEMILJØ

Sakshandsamar: Aud Kaldefoss

Arkivsak : 17/675 -

Arkivkode: 210

... &&& Set inn vedlegga og saksutgreiinga under &&& (Ikkje slett denne lina)

Vedlegg: NY § 9 A I OPPLÆRINGSLOVA - EIT TRYGT OG GODT SKULEMILJØ

SAKSUTGREIING:

22. mai 2017 vart det vedteke nye reglar om skulemiljø, gjeldande frå 01.08.17.

Føremålet med endringane var å få eit meir effektivt regelverk mot mobbing og betre handheving av desse sakene. Skulane fekk meir tydelege krav til kva dei skal gjera og endringane vil styrka elevane si rettstryggleik.

Dei viktigaste endringane går på å få lovfesta nulltoleranse for mobbing, skulen får aktivitetsplikt med dokumentasjonskrav og tvangsmulkt mot skuleeigar om saker ikkje vert fylgt opp.

Skulane har informasjonsplikt ovanfor elevar og føresette. Oppvekstsjefen har difor utarbeidd eit rettleiing over ny § 9A i Opplæringslova ut frå skulering i regi av Fylkesmannen i Hordaland. Rettleiinga skal nyttast som grunnlag for informasjon og rettleiing til elevar og føresette. Alle tilsette i skulen må og ha kunnskap om dei nye endringane i lova, noko den einskilde rektor må syta for.

Politikarane i Tysnes har vore særleg opptekne av arbeidet som vert gjort for å førebyggja mobbing.

I Strategiplan for oppvekst i Tysnes kommune, vedteken av kommunestyret 13.06.17 er arbeid mot mobbing presentert som eit av satsingsområda både i barnehage og skule. Kommunestyret vedtok at det skulle vera ei evaluering rundt handlingsplan mot mobbing i skule og barnehage i Tysnes kommune.

Rettleiinga vert difor teken opp i utvalet til orientering.

... &&& Set inn saksutgreiinga over &&& (Ikkje slett denne lina)

INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:

::: &&& Set inn innstillinga under &&& (Ikkje slett denne lina)

Kommunestyret tek Rettleiing om ny § 9 A til vitande.

::: &&& Set inn innstillinga over &&& (Ikkje slett denne lina)